



NYTT UNDER STOREN 2-20

Internavis for Luster kommune

Gode medarbeidar

Eit høgst spesielt år går mot slutten. Me gjekk inn i året med gode resultat frå 2019 på mange område og med gode og normale utsikter for 2020. Koronaen endra brått på dette og laga ein ny kvardag for mange og mykje, inkludert tenester og tilbod i kommunen. Eit større arbeid med endringar og omstilling i helse, omsorg, oppvekst og administrasjon sette oss på prøve. Mange medarbeidarar fekk utfordringar i fanget næraast over natta. Dette takla me, og det vart gjort ein framifrå jobb i heile organisasjonen. Rådmannen takkar for stor og god innsats.

Når me no oppsummerar så langt så har me unngått utbrot av smitte av større omfang og me har takla smittevern, alternative arbeidsopplegg og endringar på ein god måte. Samtidig så ser me at pandemien er inngripande på nærings- og samfunnsliv også i Luster og det vil få konsekvensar i tida framover.

Når dette vert skreve så ser me likevel lys i tunnellen ved at vaksine er på veg og at me i løpet av første halvår 2021 bør ha gode odds om å kome oss tilbake til normale tilstandar. Litt uvisse framleis, utfordringar i 2021 og, men eg er trygg på at me vil ta dei og.

Men først er det jul og nokre rolege dagar for dei fleste. Eg takkar for god innsats i 2020 og ynskjer deg og dine ei retteleg god jul og godt nyttår.



Jarle Stavland
Rådmann

Budsjettet for 2021:

Budsjettframlegget er lagt fram i balanse, men det er lite til overs og mindre enn det bør og plar vere til næring og utvikling. Ein kommentar som eg får, og som det er verdt å reflektere over, er at me lever litt over evne. Risikoene for det er der, men me har fleire usikre faktorar mellom anna koronaen. Men, først og fremst er det kraftprisar no og framover som avgjer eit godt stykke på veg kva Luster kommune kan sjå seg råd til. Den trygge strategien hadde vore å stramma litt meir inn, men det er krevjande og vil fort utfordra strukturar og tilbod. Kommunen har såpass med reservar at det me legg opp til for 2021 må seiast å vere forsvarleg.

For 2020 blir det underskot, men det bør vere realistisk å oppnå balanse eller betre i 2021. Ei hovud-målsetjing i framlegget er å oppretthalde neverande driftsnivå. Det er relativt få og små endringar frå 2020 budsjettet. Dette vert understøtta av framlegget til kommuneopplegg i statsbudsjettet. Det er samla slik at det bør ligge til rette for å vidareføra kommunal drift om lag uendra. Fleire tiltak innan spesialomsorga og oppgåver i lys av samhandlingsreforma dreg meir ressursar og har fått auka ramme. Nye Grandmo busenter/miljøteneste kjem i full drift i 2021. Innan helse er det og behov for ytterlegare styrking. Suppleringsopptaket i barnehagen i januar -21 er stort og krev ekstra ressursar. Aktivitetsredusjon/klassetal innan grunnskule gir redusert ramme. Innan sosialområdet er det rom for reduksjon av økonomisk ramme på anslagspostar. Kraftprisane er usikre og me må budsjettere med lågare inntekter derifrå.

Investeringsplanen er vidareført i samsvar med opplegg frå økonomiplanen. Bustadutvikling, sentrumsutvikling og barnehageutvikling er prioritert. Rammeløyvingar for bygg og anleggs-utvikling og nokre andre infrastrukturtiltak, VA tiltak er nødvendige for å oppretthalde realkapitalen i anlegga.

Ei viktig oppgåve i 2021 er å utarbeide ny samfunnsdel for kommuneplanen. Her skal me sjå på utfordringar og satsingar for kommunen i åra som kjem. Planen vil leggja føringar for arbeidet med å utvikla kommunen vidare.

*God Jul og
Godt nyttår!*



PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 11.08.2020 - 31.12.2020

Velkomen!

Hafslo omsorgssenter

Ingvild Lereim Lind, miljøterapeut
Sara Kvam, sjukepleiar

Helse

Kristine Målsnes Veum, ergoterapeut
Ane Sigrid Midtbø England, helsesjukepleiar
Anne Helen Natvik, sjukepleiar
Lena Flekke Bergesen, fastlege/tilsynslege

Grandmo busenter

Silje Gassert, mijøtereapeut
Sølviann Menes, vernepleiar

Luster vaksenopplæring

Zaid Asmelash Mehari, reinhaldar

Løn og personal

Sandra Saur Bukve, rådgjevar

Teknisk drift

Britt Konningrud, reinhaldar
Camilla Lomheim, reinhaldar
William Vigdal, tømrar/fagarbeidar

Takk for innsatsen!

Teknisk drift

Rune Vidal, fagarbeidar
Arlid Tangnes, fagarbeidar
Therese Hilleren, reinhaldar
Olaug Kristine Ølnes, reinhaldar

Hafslo barne- og ungdomsskule

Berit Marie Hauge, førstesekretær

Luster omsorgssenter

Sigrun Hauge, hjelpepleiar
Solveig Sviggum, assistent
Kirsten Kvamsdal, heimehjelp

Helse

Marit Thune Uglane
Berit Kjos, konsulent
Gro Sissel Haugen, sjukepleiar

Gaupne omsorgssenter

Gro Sissel Haugen, sjukepleiar

Luster ungdomsskule

Kristin Vee, rektor

Julegåve 2020

Sidan 2013 har eit lag/organisasjon fått ei julegåve på 25.000 frå Luster kommune. Dette i staden for gåve til tilsette.

Arbeidsmiljøutvalet bestemde i møte 04.12.20:

Julegåva på 25.000,- frå Luster kommune går i år til Luster Fritidsfond!

Alle barn og unge mellom 6 - 18 år, busett i Luster kommune og som ikkje har råd til å vere med på fritidsaktivitetar, kan søkje om støtte frå Luster Fritidsfond.

Ungdom over 18 år med nedsett funksjonsevne og særskilde behov er også innafor målgruppa.



Info

Bedriftstrenings for tilsette:

Bedriftstreningsa på Luster Trening og YX Hafslo starta ikkje opp i haust – pga korona.

Det blir teke ei ny vurdering i januar 2021 – me håpar at me kan starte opp att i januar/februar.

Når treningsa kjem i gang att så håpar me å sjå deg der!

Bedriftshelse- tenesta:

Bedriftshelsetenesta har skifta namn til **Avonova**.

Vår nye kontaktperson heiter Kristine Løvlie.



Korona - farene er ikkje over

Sjølv om me har hatt få smittetilfelle i Luster så langt påverkar viruset alle tilsette med tiltak og rutinar for å hindre spreying av smitte – og slik blir det nok inn i 2021 og. Reinhold, handvask, spriting, avstand, hosting i albogekroken og andre smitteverntiltak er framleis viktig. Informasjon for tilsette og innbyggjarar blir lagt ut på kommunen si heimeside. Tenesteområda helse og omsorg og oppvekst har i tillegg eigne informasjonstiltak.

Planlegging av vaksinasjon i Luster er i god gang.



Arbeidsmiljøutvalet oppsummerte om korona så langt i møte 04.12.20:

Arbeidsmiljøutvalet er opptekne av at tilsette får god informasjon og opplæring om situasjonen og smittevern reglar slik at både tilsette og tenestene som blir gitt er så trygge som mogleg.

Arbeidsmiljøutvalet ber rådmann fylge med på ekstra belastning på tilsette som fylgje av korona-pandemien.




Hugs å sjekke din kommunale e-post!

KOMPETANSE/REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Kommunikasjonsprosjektet

Nye mobiltelefonar i Luster kommune



Med ein optimistisk start der målet var å erstatte fasttelefon med mobitelefonar i alle einingar før sommaren, blei framdrifta endra til «å komme i mål» innan utgangen av året. Covid-19 har tidmessig og på andre måtar påverka framdrifta negativt i dette prosjektet.

I tillegg til Covid-19 blei me utfordra undervegs med alt frå å løyse innringingar på fastnummer til mobil (utan manuell vidarekobling) til korleis ny sentralbordløsing skulle fungere. Det tok også meir tid enn planlagt å flytta alle mobilane i heimetenesta til ny operatør - altså, fleire grunnar til at utrulling av mobilprosjektet tok lengre tid enn planlagt.

Pilotane i telefoniprosjektet var i gang siste veka i september. Etter dette har innføring av mobiltelefonar med kort, kort opplæring gått rimeleg greitt. Status i dag er at alle ytre einingar har kome i gang med bruk av ny mobiltelefonløsing. Unnataket er Helseenteret og Luster omsorgssenter som me får inn på nyåret. Sentralbordløsinga er no på plass, og i veke 51 startar me på rådhuset. Om alt fungerer som forventa, utan større utfordringar på rådhuset, vil prosjektet vere i mål før nyttår – med unnatak på Helseenteret og Luster omsorgssenter.

Office365 og teams:

Planen var å rulle ut Office 365 parallelt med mobiltelefonane. Dette blei ei større utfordring når det gjeld personvernet, og ein større ROS-analyse må gjennomførast på førehand. Målet er likevel å starte opp her rett over nyttår.

Tilsyn - Asbest



Arbeidstilsynet har i 2020 hatt tilsyn med Luster kommune om asbest – førebygging av helseskader ved eksponering for asbest, informasjon/opplæring og rutinar.

Ut i frå pålegg frå Arbeidstilsynet er det i haust gjennomført opplæring av vaktmeisterar og andre, samt verneombodet ved teknisk drift:

- om kvar asbest kan være i installasjonar og bygg kommunen eig
- kva rutinar som skal fylgjast ved mistanke om asbest

Det er gjort greie for korleis framtidig informasjon og opplæring om asbest skal ivaretakast og det er laga rutine for kartlegging av asbest ved oppdragsforhold. Arbeidstilsynet har vurdert tiltaka og nyleg meldt tilbake at dei vurderar pålegg som gjennomført og oppfylt.

Teknisk drift/eigedom skal framover kartlegge og risikovurdere kommunale bygningar med tanke på asbest.

Arbeidsmiljøutvalet og hovudverneombodet er informert om sakta og vil og bli halden informert om kartlegginga av bygningsmassen.

Om du vil vite meir om dette kan du ta kontakt med Jan Magne Svåi, leiar eigedom.

Influensavaksine, hausten 2020!

Også i år fekk tilsette i Luster kommune tilbod om gratis influensavaksine. Talet på tilsette som har vaksinert seg har auka jamt siste åra.



I år tok 339 tilsette i mot tilbodet om gratis vaksine! Det er ei dobbling frå i fjor.

Rådmannen er nøgd med at så mange vel å vaksinere seg og dermed er med på å ta ansvar i eit år der me har ekstra utfordringar med pandemi.

Me håpar at våre tilsette unngår både influensa og anna sjukdom i vinter!



I løpet av 2020 er det kome tre nye på økonomi og personal på rådhuset:

Du har kanskje snakka med dei i telefon?

Frå venstre:

Liv Janne Steig, rådgjevar økonomi,

John Inge Fredheim, rådgjevar økonomi

Sandra Saur Bukve, rådgjevar personal og løn

Arbeidsmiljøutvalet:

Arbeidsmiljøutvalet har hatt fire møte i 2020, det siste 04.12.20. På saklista til dette møtet stod: Korona-situasjonen, kommunikasjon, digitale løysingar, telefoni, heiltidskultur med kartlegging hausten 2020, orientering om tilsynssaker, julegåve 2020 frå Luster kommune, økonomiplan og planleggingsprogram 2021-24.

Møteprotokollane blir lagt ut i LKK og på kommunen si heimeside/møtekalender.

Einingsleiarane får i tillegg tilsendt både innkalling/saklista og informasjon om når møteprotokollane er klare – slik at dei kan informere sine tilsette.

Heiltidskultur:

Fast deltidstilsette i alle einingar utanom omsorgstenestene kunne i november registrere seg med ynskje om auka stilling. 14 fast deltidstilsette registrerte seg med ynskje om auka stilling – 12 av desse jobbar i oppvekstsektoren.

Fokuset har vore på ufrivillig deltid. Dei fleste som jobbar deltid gjer det fordi dei sjølve ynskjer det.

Deltid kan gi fleksibilitet både for den tilsette og arbeidsgjevar – men det kan også utfordringar både for tilsette og arbeidsgjevar. Luster kommune arbeidar for heiltidskultur og det har vore lagt ned mykje arbeid i dette i 2020, særleg i omsorgstenestene.

Fast deltidstilsette i omsorgstenestene som ynskjer auka stilling vil få høve til å registrere seg i februar/mars.

Følg med på din kommunale epost og på oppslag på arbeidsplassen din!

Årshjulstiltak 2020



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Leiardialogen
- Kvartalsrapport 1
- Medarbeidarsamtalar
- Vernerunde
- Halvårsrapport
- Introduksjonsseminar
- Kvartalsrapport 2
- Budsjett, planprogram, økonomiplan

Komande tiltak:

- Rekneskap (des)
- Årsrapport (2020)

Lærlingar

Klarde fagprøvar/kompetanseprøvar 2020:

Sigbjørn Leirdal, barne –og ungdomsarbeidararfaget
Julie Fredheim, helsearbeidararfaget
Kristine Erfjord, helsearbeidararfaget
Chrisander Engevik Hartveit, institusjonskokkfaget
Nina Hoftun Halvorsen, helsearbeidararfaget

Vernerundar 2021:

Einingsleiar er ansvarleg for å ta initiativ til og gjennomføre vernerunde – i samarbeid med verneombodet på eininga.

Verneombodet kan vere pådrivar og har medverknadsplikt.

Treng de hjelp til gjennomføring og registrering kan de ta kontakt med Hovudverneombod Svein Tore Heltne.

Sjukefråvær tredje kvartal 2020:

Det er små variasjonar i sjukefråværet i Luster kommune frå år til år.

Samla fråvær i Luster kommune ved utgangen av tredje kvartal 2020 er 6,46%. Nokre einingar peikar seg ut og vil bli følt nærmere opp. 2020 har vore eit spesielt år og terskelen for å vere heime ved luftvegsproblem/feber har vore lågare enn vanleg.

Sjukefråvær i Luster kommune

